

## Landbruks- og Matdepartementet

Rogaland, den 27. februar 2023

### Oppdatert jordvernstrategi og forsterka jordvernmål. Høyring

Jordvernforeningen i Rogaland vil med dette gi innspel til Landbruks- og matdepartementet sitt arbeid med ny jordvernstrategi.

Det er viktig at jordvernstrategien får breiast mogleg oppslutnad slik at han står seg over tid og under ulike politiske regime både sentralt og lokalt.

Me kjem i det etterfølgjande inn på ein del punkt me meiner er sentrale i høve til jordvernet. Fleire av våre innspel tek utgangspunkt i situasjonen i vårt fylke. Punkta er ikkje prioriterte, men i tilfeldig rekkefølge:

- Jordvernstrategien må kommuniserast ovafor opinionen på ein slik måte at folk flest både forstår kva som ligg bak, og aksepterer dei tiltaka som blir omfattande, men nødvendige.
- For å få sterkare gjennomslag i opinionen, og dermed i neste omgang hjå politikarane, er argumentasjonen som går på berekraft, beredskap, mattryggleik, sjølvforsyning mm sentral. Me skal ikkje her ta opp alle argumenta for dette, desse finn ein i stor grad i gjeldande strategi. Men alt arbeidet i 'det små', er også svært viktig. Med det meiner me mellom anna at korleis det bynære jordbruket presenterer seg ovafor tilgrensande utbygde område, er sentralt. Opne gardar, besøksgardar, gardsbarnehagar, andelslandbruk mm vil gi 'byfolk' ei betre forståing av både kva som ligg bak matproduksjon, men også påverka haldningane til å ta vare på produksjonsgrunnlaget. Me trur at nye og klarare strategiar for det bynære landbruket er viktig i denne samanhengen.
- Jordvern i si enklaste form er å nytta §9 i jordlova av 1995. Forbodet mot omdisponering av jordbruksareal er vidareført frå §54 i jordlova av 1955. Men over tid har det blitt så mange unntak og så mange lovar som svekker jordvernet at ei klargjering er heilt nødvendig. I vårt område er det vår klare oppfatning at vern av natur- og friluftsområde, av låg landbruksmessig verdi, har sterkare vern enn gode jordbruksareal. Ein gjennomgang for å finna eit nytt balansepunkt til fordel for jordvernet er heilt nødvendig – og ei stadfesting av at formuleringa frå ansvarlege departement i fjor om at jordvern nå skal vera eit overordna mål i all arealplanlegging, er alvor.
- Ein del av det same som i punktet ovanfor gjeld når ein vil ta vare på matjorda der ein byggjer ned arealet. Flytting av matjord til udyrka areal vil aldri gi same jordkvalitet og like store areal dyrka jord som utgangspunktet. Men det kan kompensera til ein viss grad. Det er ein del av jordvernstrategien å delvis kompensera for nedbygging ved å flytta jord. Men reglane for godkjenning av flytting av matjord, er for kompliserte. Desse må forenklast, slik at både bonde og entreprenør kan få utføra arbeidet utan for store byråkratiske hindringar og for høge kostnader.

- Solidaritetsomgrepet må stå sentralt i argumentasjonen for jordvern, i tillegg til ein sterk argumentasjon for vår eigen mattryggleik. Solidaritet med alle som svelt er sjølv sagt.
- Solidaritet er også sentralt i høve til korleis Norge blir utvikla. Gjennom meir enn fem tiår har folkeveksten på Jæren lege klart over det det doble av landsgjennomsnittet. Både bustadbygging, nærings-/industriareal og infrastruktur har i det alt vesentlege føregått på jordbruksareal, svært mykje på fulldyrka jord, av den mest produktive i heile landet. Denne veksten må nå bremsast og tilpassast utviklinga i resten av landet. Verkemidla vil vera politiske, anten positive tiltak i andre delar av landet, eller om nødvendig negative tiltak for vårt område. Dette har altså vore eit sentralt spørsmål i jordverndebattar i over 50 år, nå krevst det handling.
- Me vil også nytta solidaritetsordet i høve til bygging av motorvegar. Me ser svært positivt på nye signal om nedskalering av nye prosjekt. Lågare krav til fartsgrenser vil endra krava til breidde og kurvatur, noko som både reduserer arealbruken, men også vil øydeleggja færre gardar ved uheldig oppsplitting. Solidaritetsordet kjem inn ved at ei nedskalering av desse vegane, vil spara store pengebeløp som kan nyttast til å rusta opp dei mange dårlege vegane til og i distrikta. Dermed legg ein betre til rette for å flytta folkevekst frå dyrka jord i sentrale område til distrikt der det er tilgjengelege lågproduktive areal.
- Eit heilt sentralt spørsmål i høve til jordvern, er kven det er som styrer utviklinga. Her vil me ta føre oss ei særskild uheldig utvikling me har sett gjennom dei siste ti-åra. Det positive ved å krevja høgare utnytting av areal til utbyggingsføremål, har langt på veg mista sin verknad ved at mange kommunar i stor grad har 'abdisert' i høve til kvar og korleis det skal byggjast. For tre, fire, fem ti-år sidan var det kommunane som kjøpte opp areal til ein fornuftig pris, utvikla arealet og selde tomtene til sjølvbyggjarar. Med krava i dag til arealutnytting, er det langt på veg uråd med sjølvbygging. Kapitalsterke firma kjøper opp, utviklar, byggjer og sel areal og bygningar. At dette blir mykje dyrare for dei som skal skaffa seg ein bustad, er den eine sida av saka. Ei like alvorleg side, og meir alvorleg for jordvernet, er at desse firma er ute på eit svært tidleg tidspunkt og sikrar seg opsjonar på areal, gjerne i samarbeid med bønder som vil selja. Slike opsjonar legg sterkt press på politikarane til å planleggja slik desse firma ynskjer. Dette er sterkt førande for kvar og korleis utbygging blir planlagt. Ein ny jordvernstrategi må gjera det heilt klart at opsjonar ikkje bind arealutnyttinga i framtida. Planar kan endrast utan økonomiske konsekvensar for kommunane. Opsjonar bør helt gjerast ulovlege i slike samanhengar, i alle fall må det krevjast ei form for godkjenning. Og det må gjerast tindrande klart at dei ikkje er bindande for arealutnyttinga.
- Det treng ikkje seiast fleire gonger at vern av produksjonsjorda ikkje primært er ei 'bondesak', men ei samfunnssak. Likevel har bonden ein sentral posisjon i høve til jordvern. Då veit me svært godt at god 'bondeøkonomi' også er svært viktig for jordvernet.
- Reduksjon av landbruket si eiga omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til driftsbygningar og infrastruktur må få høg prioritet. Nå står denne for over 20% av den samla avgangen av dyrka jord. Driftsbygningane som blir bygde i dag, er eit resultat av strukturpolitikken, dei er svært mykje større enn for få ti-år sidan og krev dermed store areal. På mange gardar er det uråd å finna anna enn dyrka jord til

bygginga. Me ser då mellom anna føre oss eit krav om at gamle bygningar må sanerast der det skal byggjast nytt, og at arealet der den gamle driftsbygningen stod, må dyrkast opp som kompensasjon for nedbygginga av ny jord. Det blir då nødvendig med ei tilskotsordning for sanering av gamle bygningar.

- Ei viktig sak i høve til landbruket sitt eige ansvar er å hindra at gamle, frådelt tun, eller eksisterande driftsbygningar, blir tekne i bruk til utleige som lager, til småindustri eller anna næringsverksemd. Det blir ofte utgangspunkt for press for å få utvida og ta nye areal. Me er også kjende med at det i nokre kommunar er godkjent bygde relativt store reiskaps-/maskinhus, som raskt blir tekne i bruk til utleige som lager. Ei streng handheving av lovverket her er viktig.
- Dei siste ti-åra har me fått ei sterk utvikling mot det som på folkemunne blir kalla 'dekk- og diesel-landbruk'. Med det meinast at gjødsel og avling blir køyrt over store avstandar og i store mengder. Bakgrunnen er at mange har lagt ned gardsdrifta og anten leiger bort jorda, eller dei har 'slakta' garden og sel jord og bygningar kvar for seg. Tidlegare blei sal av jord regulert på den måten at anten kjøpte Staten jorda, eller så måtte det ei reell godkjenning til for slik bruksrasjonalisering, og i begge høve blei det lagt vekt på at jorda blei selt til nabobruk, eller i alle fall innan svært kort avstand mellom kjøparbruket og den selde jorda. Dette har endra seg sterkt og i mange område har enkelte kjøpt opp jord som ligg mange kilometer frå kjøparbruket. Dette gjeld også ved leige. Slike løysingar er ikkje heldig for jordvernet og produksjonen på tilleggsjorda, for drifta blir normalt svakare, eller under mindre kontroll, enn jorda som ligg nær driftssenteret. Det er altså snakk om jordvern. Men det er også snakk om miljø, jf. 'dekk og diesel'. I tillegg kjem trafikktryggleiken i høve til transport med store landbruksmaskinar. Når det nå er kjent at jordlova, og kanskje også andre lover, skal endrast, er dette viktige spørsmål å få avklart for vegen vidare framover. Det beste er at Staten kjøper jorda og fordeler denne etter same kriterium som tidlegare. Alternativet er ei klarare godkjenningsordning, der avstand blir tillagt stor vekt.
- I oppdatert jordvernstrategi Prop. 200 S (2020-2021), vedlegg 4, står det mellom anna dette under 2.7: «Konkretisering av nasjonale jordverninteresser: Regjeringen vil føre vidare *veiledningen* om hvordan en kan ta vare på jordvernet i kommunale og regionale planprosesser.» o «... fylker som ikke har avklart jordvernet i en regionalplan.... dette skal fungere som en *rettesnor* for kommunene.» *Veiledning og rettesnor* held ikkje. Her må det statleg styring til, for å stogga utbyggingsivrige kommunepolitikarar. Jordbruksareal er ein nasjonal ressurs, som vasskrafta, olja og havet er. Då kan det ikkje vera opp til den einskilde kommune å avgjera jordvernspørsmål – sjå også eit seinare avsnitt.
- Frå jordbruksarealet i Norge var på det høgaste, har det vore ein betydeleg reduksjon. Det er uråd i finna nøyaktige tal, men reduksjonen er over 10 %. Me kan tenkja oss at helvta av det jordbruksarealet som er blitt borte, er bygd ned. Resten er meir marginale areal produksjonsmessig – gjerne små teigar, men i størst grad areal høgt over havet eller langt mot nord, som eigarane ikkje har funne drivverdige. I tider då det blir behov for eit høgast mogleg produksjonspotensiale, blir desse areala på ny viktige. Jordbruksareal som ikkje blir drivne, gror raskt til og blir tunge å ta i bruk att. Verkemidla for å bremsa, og snu utviklinga, er sjølvsagt struktur- og distriktspolitikken. Dette er også ein del av jordvernet.

- Prognosane for demografisk utvikling framover er svært viktige i høve til argumentasjonen for jordvern. Levealderen går gradvis opp, og tal eldre aukar mykje. Frå styresmaktene blir det argumentert sterkt for at me etter kvart som me blir eldre, også sjølve tek ansvar for vår eigen alderdom. Eitt av tiltaka då er å ordna seg bustadtilhøve som er tilpassa redusert mobilitet. Me ser tydeleg at dette skjer i dag. Svært mange over 70 år flyttar inn i lettstelte og lett tilgjengelege, mindre bustader i sentrale område. Som oftast er dette bustadblokker eller andre fleirbustadbygg. Dette frigjev større bustader utanfor sentrumskjernane til yngre familiar. Sidan den naturlege folkeauken, altså auken i den yngre delen av folket, gradvis blir mindre, er dette sentrale argument i høve til å visa at det knapt er behov for nye areal til bustadbygging. Avgjerande er då at folkeauken i området er i balanse med resten av landet.
- Den demografiske utviklinga er også sentral i høve til behovet for nye areal til industri og næring. Den yrkesaktive delen av folket går ned. Om me tek omsyn til at det vil trengast langt fleire i arbeid innan helse og velferd dei komande åra, vil det truleg ikkje vera fleire som skal inn i arbeid innan industri og annan næring enn det som går ut til ei kvar tid. Tek me då omsyn til dei store areala som alt er regulerte til føremålet, dei store arealreservane som ligg innafor delvis utbygde område, og dei store reservane som ligg i transformasjon av bygg og anlegg som til ei kvar tid går ut av bruk, er det truleg nok areal tilgjengeleg så langt fram me kan sjå. Å få gjennomslag for desse synspunkta føreset at politikarane tek tilbake styringa over planlegginga frå utbyggingsinteressene.
- I den nye jordvernstrategien må det gjerast tydelegare kva som ligg i formuleringane i ulike skriv frå ansvarlege departement/regjeringa i fjoråret. Me nemner her, slik me forstår ordlyden: 'jordvern skal vera overordna mål i arealplanlegginga', 'bare unntaksvis skal dyrka og dyrkbar jord kunna nyttast til bustader og industri/næring, og då for svært avgrensa areal', 'den beste jorda skal prioriterast for vern' og 'det skal svært mykje til før det oppstår økonomisk ansvar ved endring av føremålet i eksisterande planar'. Når det gjeld 'den beste jorda', vil me peika på dette: I dei beste klimasonene kan det dyrkast anten matkorn eller anna menneskeføde - poteter, grønnsaker o.l. Det er også denne jorda me må bruka om me skal dyrka meir proteinvekstar til kraftfôrindustrien. Denne jorda er det derfor spesielt viktig å ta vare på.
- Gjeldande jordvernstrategi har som mål at maksimalt 3 000 dekar dyrka og dyrkbar jord årleg skal kunna omdisponerast til andre føremål, seinast innan 2025. Det er klart signalisert at det nye målet blir 2 000 dekar, og me reknar med at tidsfristen for å koma ned på dette målet blir kort. Planar som blir lagde fram nå framover, må tilpassast dette målet. Så meiner me at det er heilt nødvendig med ein del presiseringar og med justering av ansvaret for å nå målet. Sjølv om kommunalt sjølvstyre står høgt, er det nødvendig å 'avlasta' kommunane for ein del ansvar, mellom anna ansvaret for utnyttinga av den nasjonale ressursen jordbruksareal. Rogaland har om lag 10% av jordbruksarealet i landet og 9% av folketalet. Samstundes er det liten tvil om at produksjonspotensialet på våre areal er av det beste i landet. Då bør målet for vårt fylke liggja klart under 10%. Skal dette kunna oppnåast, er det for det første heilt nødvendig med kvote på fylkesnivå, som Statsforvaltaren og Fylkeskommunen får i oppgåve å følgja opp og koordinera

mellom kommunane. Og for det andre at den enkelte kommunen får ansvaret for detaljplanlegging innafor dei areala som kan omdisponerast, men ikkje til å avgjera kor store areal ein kan nytta og i svært avgrensa grad kvar desse areala ligg. Dette meiner me er heilt nødvendig ut frå den erfaringa me har med dei kommunale politiske organa sin evne og vilje til å ta omsyn til jordvernet.

- Med eit mål om eit maksimalt totalareal til omdisponering på 2 000 dekar for heile landet, blir det berre heilt marginale areal att til bustadbygging og industri/næring. Me kjenner til at det dei siste åra årleg er omdisponert i gjennomsnitt rundt 1700 dekar til vegar, annan infrastruktur og offentlege bygg/anlegg. Då skal det store endringar til i desse tala for at det skal vera att meir enn la oss seia 500 dekar pr år til bustader og industri/næring for heile landet. Dette samsvarar med målet om at jordbruksareal berre unntaksvis, og då for svært små areal, kan omdisponerast til desse føremåla.

Jordvernforeningen i Rogaland  
Dag Raustein  
leiar